



**FYLKESMANNEN I ROGALAND**  
Forvaltningsavdelinga

Vår ref.: 2008/4706  
Arkivnr.: 712.5

Dykkar ref:  
Vår dato: 01.09.2008

Barne- og likestillingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep.  
0030 Oslo

323.00  
8/9-08  
200802106-68

**NOU 2008:9 "Med barnet i fokus - en gjennomgang av barnelovens regler om foreldreansvar bosted og samvær" - høyringsuttale frå Fylkesmannen i Rogaland**

Vi viser til oversending av 9.5.2008 som gjeld framlegg til endringar i barnelova, jf NOU 2008:9 "Med barnet i fokus – en gjennomgang av barnelovens regler om foreldreansvar, bosted og samvær".

Fylkesmannen i Rogaland (FMRO) har mange samtalar kvar veke med foreldre som treng råd og rettleiing i samband med omsorg for barn etter samlivsbrot. Det er mellom anna på bakgrunn av den erfaringa vi har opparbeida oss gjennom denne kontakten vi finn grunn til å uttale oss til framlegga.

FMRO i er på generelt grunnlag einig i at lovgivinga må legge forholda best mulig til rette for ein lik fordeling av omsorg og ansvar mellom foreldra. Det er likevel vår erfaring at det ikkje alltid er det beste for barna med ei lik fordeling, til dømes dersom dette inneber at barna må gå i to barnehagar. Lovgivinga bør ikkje leggje så sterke føringar for kva løysing foreldra skal velja at likestillingsføremål blir betre ivareteke enn omsynet til kva som er best for barnet. Det må være tilstrekkeleg rom for å velje ei individuelt tilpassa løysing.

Vi har følgjande merknader til dei enkelte punkt i framlegget:

**Omgrepa i barnelova (NOU 2008:09 kap 5)**

Vi opplever at foreldre flest er lite kjende med terminologien i barnelova med unntak av omgrepet "samvær". Dette omgrepet synest å vere innarbeida nå, og det er sjeldan vi høyrer nokon bruke det gamle "besøksrett".

Vi har vidare inntrykk av at samvær stort sett er oppfatta som eit nøytralt omgrep. Det er etter vårt skjønn snarare ordninga enn omgrepet som eventuelt gjer samværsforelderen sekundær. Kjønnsskeivheta ligg først og fremst i val av ordning, og dette kan etter vårt skjønn ikkje reparerast ved å ta i bruk eit anna omgrep for dette.

Elles merkar vi oss at uttrykket "dagleg omsorg" nesten utan unntak blir brukt om fast bustad av folk som ikkje arbeider på feltet. "Delt omsorg" blir brukt om delt bustad. Det er framleis liten kunnskap om innhaldet i dei sentrale omgrepa i barnelova. Folk har spesielt vanskeleg for å skilje mellom det å dele omsorga for barna 50/50 i tid og det å dele på den såkalla

|                |                |           |                              |                |           |
|----------------|----------------|-----------|------------------------------|----------------|-----------|
| Postadresse:   | Besøksadresse: | Telefon:  | e-post:                      | Landbruksavd.  | Telefon:  |
|                |                | 51568700  | postmottak@fmro.no           | Lagårdsv. 80   | 51568700  |
| Postboks 59    | Lagårdsv. 78   | Telefaks: | Heimeside:                   | Postboks 59    | Telefaks: |
| 4001 Stavanger | Stavanger      | 51568811  | www.fylkesmannen.no/rogaland | 4001 Stavanger | 51568811  |

bustadkompetansen. Dei fleste synast å tenke at dersom foreldra deler 50/50 i tid inneber det at dei og deler avgjerdskompetansen.

Dette syner at det tar lang tid før nye omgrep blir innarbeida språkbruk og at det er krevjande å spreie kunnskap om innhaldet i desse. På denne bakgrunnen er FMRO einig med utvalet i at det ikkje vil vere hensiktsmessig igjen å endre omgrepa i barnelova nå.

### **Foreldreansvar (NOU 2008:09 kap 7)**

*Foreldreansvaret når foreldra ikkje har budd saman*

FMRO sluttar seg til fleirtalet i utvalet som meiner at mor får foreldreansvaret aleine dersom foreldra ikkje er gifte eller bur saman. Ei av årsakene til dette er at vi frykter for at automatisk felles foreldreansvar for denne gruppa vil kunne føre til at mødrer i større grad vil halde tilbake informasjon om kven som er far til barnet.

*Samtykke til helsehjelp (Kap 7.3)*

FMRO støtter framlegget om å endre reglane om at begge foreldre må samtykke til helsehjelp dersom helsefaglig personell vurderer dette å vere til beste for barnet. Det synest etter vår erfaring å vere eit særleg stort behov for å kunne gi eit einsidig samtykke i dei tilfella som gjeld psykisk helsehjelp.

FMRO er også einig i at spørsmålet bør kunne prøvast for domstolane.

*Skole og barnehage (Kap 7.5)*

Det er vår sterke oppfatning at barn aldri bør måtte gå på to skolar eller i to barnehagar. Argumenta om stabilitet etter samlivsbrot er like aktuelle for dei minste barna som for skolebarna. Det faktum at det ikkje føreligg forskning som "*entydig konkluderer med at mindre barn tar skade av å gå i to barnehager*" (vår utheving) er ikkje det same som at dette kan vere til det beste for dei. Så vidt vi kjenner til er ein av faktorane for at delt bustad skal kunne fungere godt at barna til dagleg får vere i det same miljøet anten dei er hos mor eller far. Vi meiner derfor at desse uttalene i NOU 2008:9 gir uheldige signal til foreldre.

### **Bustadkompetansen – flytting innanlands (NOU 2008:09 kap 8)**

FMRO støttar første mindretal sine innvendingar mot eit forbod. Vi og einige i at ein varslingsplikt kan betre situasjonen sjølv om ein ikkje kan sikre at alle foreldre følgjer opp denne.

FMRO ser at spørsmål om flytting ikkje sjeldan fører til konflikt mellom foreldre. Men dette gjeld erfaringsmessig og dei som har vald delt bustad for barna og som derfor og etter den ordninga som gjeld i dag må vere einige om flytting. Mange etterlyser konsekvensar når partnaren likevel vel å flytte og tar barnet med seg. Dei er frustrerte over det som dei ser på som ein papirregel – ein skal ikkje kunne flytte utan samtykke, men ingen stoppar ein dersom ein likevel gjer det. Løysinga, dersom ein ikkje klarer å bli samde gjennom mekling eller på anna måte, er å reise sak om bustad for domstolane. Slik vi ser det, vil flytteforbodet som utvalet går inn for gi tilsvarende problemstillingar. Det offentlige har ikkje muligheit til å fange opp brot på regelen og løysinga blir derfor å gå til rettsapparatet i etterkant. Et forbod vil slik kunne føre til at fleire foreldre må innom rettsapparatet.

Etter gjeldande reglar kan ein samværsforelder reise sak om å få barnet buande fast hos seg dersom den eine parten vel å flytte. Skjer dette raskt vil omsynet til status quo i mange saker tale for at barnet blir buande hos den som blir igjen i barnet sitt nærmiljø. Slik sett finst det allereie ei løysing som, kombinert med varslingsplikt, kan sikre samværsforelderen utan eit generelt forbod.

FMRO meiner altså at eit flytteforbod er lite hensiktsmessig og vil vere vanskeleg å gjennomføre i praksis, samt føre til fleire rettslege prosessar. Vi meiner også at eit forbod vil gi eksparntarar for stor innflytelse over den andre sin handlingsfridom og trur at dette kan føre til auka konfliktnivå i mange tilfelle.


FMRO vil til slutt påpeike at ein ved utforming av reglane om fordeling av reisekostnader har valt å ikkje leggje avgjerande vekt på kven som flyttar. Det ville, etter FMRO sin oppfatning, vere mindre tyngande for den flyttande forelderen å bere ein større del av kostnadane ved å oppretthalde samvær enn å ikkje kunne flytte i det heile. Vi meiner at framlegget gir dårlig samanheng mellom reglane.

#### **Delt bustad (NOU 2008:09 kap 8)**


FMRO sluttar seg til utvalets fleirtal i vurderingar og konklusjonen om at barnelova ikkje bør ha noko utgangspunkt om bustad for barnet.

FMRO er også einig i at det finst tilfelle der det kunne vere hensiktsmessig for retten å idømme delt bustad. Vi meiner at det bør tas inn eit vilkår om særlege grunner for å understreke at dette ikkje vil vere normalsituasjonen.

Med helsing



Harald Thune



Grete E. Øvernes  
avdelingsdirektør

Saksbehandlar: Line Aspøy Berge  
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 33  
E-post: line.aspoy.berge@fmro.no